



Gulen & Masfjorden Utvikling

Sløvågen 2, 5960 Dalsøyra

Tlf: 476 05 190

www.gmu.no

solveig@gmu.no

NO 992 971 118 MVA

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Søknad om bruk av kontor på Matre

Gulen og Masfjorden Utvikling (GMU) har i sin nye handlingsplan for 2017 lagt inn eit større fokus på næringsaksen Matre-Oppedal. Målet med arbeidet er å medverka til auka næringsverksemd i søraustlege delar av regionen. Ein ønskjer å få til dette gjennom møte med næringslivet der ein søker å verta kjende med deira planar, behov, utfordringar og mulegheiter. Tilbakemeldingane skal vidare kartleggjast, og informasjonen og resultatane ein finn skal brukast til tilrettelegging og igangsetjing av tiltak som kan medverka til å betra dette. Gulen og Masfjorden Næringshage (Næringshagen) har også prosjekt med utgangspunkt på Matre. Det er tildelt midlar frå fiskefondet til å utgreia behovet for satsing på havbruk i tett samarbeid med Havforskningsinstituttet si avdeling på Matre.

For å styrkja og forenkla arbeidet, ønskjer GMU og Næringshagen å vera fysisk til stades på Matre. Dette vert vurdert som hensiktsmessig i høve å vera synleg og tilgjengeleg for næringslivet, og kan medverka til å rekruttera fleire leigetakarar til bygget. Selskapa er kjende med at Masfjorden kommune no har overteke næringsbygget på Matre og er i gong med å leggja planar for utnytting av bygget. Det vert difor med dette søkt om at GMU og Næringshagen får høve til å vederlagsfritt disponera eitt kontor der. Begge selskapa ser føre seg å vera på Matre éin dag i veka, i første omgang i 2017.

Det er tildelt midlar til prosjekt frå Gulen kommune til utviklingstiltak i området Brekke-Oppedal. GMU vil seinare søkja Masfjorden kommune om tilsvarande støtte til utvikling Matre-Haugsvær.

Med venleg helsing,
Solveig Daae Kristiansen
Dagleg leiar